



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

# Prop. 23 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2019 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 22. november 2019,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i løyvingar og fullmakter mv. under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål, 21.60 Kystformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar. Det blir òg orientert om Samferdselsdepartementet sitt arbeid med konkurransen om avisomdeling.

### 2 Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

#### Kap. 5577 Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet

##### *Post 74 Sektoravgifter Kystverket*

I samband med lønnsoppgjøret for 2019 blei Kystverket for den delen av verksemda som er avgiftsfinansiert, tildelt 8,3 mill. kr over kap. 1360, post 01 Driftsutgifter. Kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, må derfor aukast tilsvarende. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 5577, post 74 Sektoravgifter Kystverket, med 8,3 mill. kr.

### 3 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

#### Kap. 1310 Flytransport

##### *Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter*

Løyvinga går til å finansiere drift av regionale flyruter innanlands. Etter konkurranse inngår departementet fleirårige kontraktar for drift av rutene. Det er opna for å reforhandle kontraktbeløpa ved vesentlege endringar i avgiftene som flyselskapa betaler i samband med drifta av desse rutene. Etter reforhandlingar viser det seg at utgiftene vil bli lågare enn først rekna med. Kompensasjonen til flyselskapa har òg blitt noko redusert, fordi talet på kanselleringar har vore høgare enn kontraktane opnar for.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1310, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, med 16,8 mill. kr.

#### Kap. 1314 Statens havarikommisjon for transport

##### *Post 01 Driftsutgifter*

I 2019 er det løyvd 77,6 mill. kr på posten. På grunn av fleire store undersøkingar i 2019, og spesielt på grunn av helikopterulykka i Alta

31. august 2019, har budsjettbehovet for Statens havarikommisjon for transport auka.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, med 2 mill. kr.

#### **4 Programkategori 21.30 Vegformål**

##### **Kap. 1320 Statens vegvesen**

###### *Post 01 Driftsutgifter*

I 2019 er det løyvd 4 625,4 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 01 Driftsutgifter, med til saman 190 mill. kr, der 160 mill. kr er ei omdisponering frå kap. 1320, post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar, og 30 mill. kr kjem av auka inntekter på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m.

Som følge av ny poststruktur på kap. 1320 Statens vegvesen i 2019 er det uvisse knytt til fordelinga av midlar på dei nye postane. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2019 blei det omdisponert 250 mill. kr frå post 22 til post 01 som ei justering av fordelinga mellom dei nye postane, jf. Prop. 114 S (2018–2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019* og Innst. 391 (2018–2019). Departementet foreslår å omdisponere ytterlegare 160 mill. kr frå post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar for å dekkje utgifter til byggherreoppfølging, administrasjon og omstilling i samband med omorganiseringa av Statens vegvesen.

###### *Post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar*

I 2019 er det løyvd 6 275,3 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 160 mill. kr mot ein auke på kap. 1320, post 01, jf. omtale under kap. 1320, post 01 Driftsutgifter.

Kontraktar for drift av riksvegnettet med oppstart i 2019 har auka kraftig i pris samanlikna med venta utvikling. I tillegg er det inngått fleire kortvarige kontraktar som eit ledd i overføringa av fylkesvegadministrasjonen til fylkeskommunane. Dette gir auka utgifter i ein overgangsperiode. Utgiftene til drift av riksvegnettet er venta til å bli om lag 100 mill. kr høgare enn føresett i Prop. 1 S (2018–2019). Utgiftene blir dekte innanfor løyvinga på posten gjennom noko redusert vedlikehaldsaktivitet.

###### *Post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn*

I 2019 er det løyvd 2 069,5 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 50 mill. kr. Dette gjeld auka anslag for inntekter på kap. 4320, fordelt med 30 mill. kr på post 01 Salsinntekter m.m. og 20 mill. kr på post 02 Diverse gebyr.

###### *Post 30 Riksveginvesteringar*

###### *Kostnadsramme for E39 Kristianborg–Bergen sentrum (Sykkelstamveien) i Hordaland*

Prosjektet inngår i Bypakke Bergen og Miljøløftet, jf. Prop. 11 S (2017–2018) *Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland* og Innst. 90 S (2017–2018). Prosjektet er sist omtalt i Prop. 1 S (2019–2020), side 108.

Prosjektet er ein del av ei utbygging av samanhengande gang- og sykkelvegtruter langs dei viktigaste hovudvegane inn til Bergen sentrum. Prosjektet omfattar bygging av ein høgstandard gang- og sykkelveg på ei 3,9 km lang strekning langs E39 mellom Kristianborg og Bergen sentrum. Gang- og sykkelvegen blir bygd med eigne felt for gåande og syklande. Prosjektet blir bygd parallelt med utbygginga av Bybanen byggjetrinn 4 til Fyllingsdalen. Anleggsarbeida starta opp sommaren 2019, og prosjektet er venta opna for trafikk i 2022.

Det blei gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet som ein del av kvalitetssikringa av Bybanen byggjetrinn 4. I Prop. 11 S (2017–2018) blei det gjort greie for forslag til samla kostnadsramme, men det blei ikkje vedteke ei eiga kostnadsramme for gang- og sykkelvegen, som blir finansiert på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar. Gang- og sykkelvegen sin del av den kvalitetssikra styrings- og kostnadsramma utgjer høvesvis 843 mill. 2017-kr og 955 mill. 2017-kr. Rekna om til 2019-prisar er styringsramma 900 mill. kr og kostnadsramma 1 020 mill. kr. Samferdselsdepartementet foreslår ei kostnadsramme på 1 020 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

###### *Post 31 Skredsikring riksvegar*

###### *Endra kostnadsramme for E10 Solbjørnneset–Hamnøy i Nordland*

Prosjektet er sist omtalt for Stortinget i Prop. 1 S (2014–2015), side 116, og det opna for trafikk i desember 2014.

Statens vegvesen har vore i tvist med entreprenøren om oppgjeret for prosjektet. Det ligg føre dom frå tingretten som inneber at Statens vegvesen må betale 103 mill. kr til entreprenøren,

men saka er anka inn for lagmannsretten. Statens vegvesen vil inngå ein avtale om forlik ved å utbetale 123 mill. kr til entreprenøren. Forslaget til forlik gir om lag same utfall som om tingrettsdommen blir oppretthalden, med tillegg for renter, men vil spare staten for prosessrisiko og sakskostnader. Utgiftene blir dekte innanfor budsjetttramma til Statens vegvesen.

Kostnadsramma for prosjektet er på 1 014 mill. kr i 2019-prisar. Det er så langt løyvd 950 mill. kr til prosjektet, og forslaget til forliksavtale inneber at totalkostnaden for prosjektet vil bli høgare enn kostnadsramma. Samferdselsdepartementet foreslår ei ny kostnadsramme på 1 080 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

#### *Post 64 Utbetring på fylkesveggar for tømmertransport*

I 2019 er det løyvd 25 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2,5 mill. kr.

Tilskot blir utbetalte når prosjekta er ferdige. Statens vegvesen sin prognose per oktober viser eit mindreforbruk på posten. Mindreforbruket er m.a. knytt til forseinking i prosjektet fv. 700 Resa bru i Trøndelag. Utbetaling til dette prosjektet vil bli dekt av løyvinga for 2020.

### **Kap. 4320 Statens vegvesen**

#### *Post 01 Salsinntekter m.m.*

I 2019 er det løyvd 220 mill. kr på posten.

Statens vegvesen sin prognose for desse inntektene i 2019 er 280 mill. kr, som er om lag 60 mill. kr meir enn løyvinga. Meirinntekter inneber òg auka utgifter. Meirinntektene er i hovudsak knytt til samarbeidsprosjekt med eksterne, sal av personlege bilskilt og fast eigedom.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4320, post 01 Salsinntekter m.m., med 60 mill. kr, mot ein tilsvarande auke på kap. 1320, fordelt med 30 mill. kr på post 01 Driftsutgifter, og 30 mill. kr på post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn.

#### *Post 02 Diverse gebyr*

I 2019 er det løyvd 500 mill. kr på posten.

Omfanget av gebyrinntekter blir høgare enn det som var lagt til grunn i Prop. 1 S (2018–2019). Dette gjeld inntekter knytt til teoriprøver, praktiske førarprøver, fellesskapslisensar og -tillatingar. Meirinntekter inneber òg auka utgifter.

Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4320, post 02 Diverse gebyr, med 20 mill. kr, mot ein tilsvarande auke på kap. 1320, post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn.

### **Kap. 4322 Svinesundsforbindelsen AS**

#### *Post 90 Avdrag på lån*

Det er i 2019 budsjettert med 80 mill. kr i avdrag på lånet til Svinesundsforbindelsen AS, men det er innbetalt meir bompengar enn budsjettert. Selskapet legg derfor opp til å betale til saman 150 mill. kr i avdrag i 2019, jf. Prop. 1 S (2019–2020) side 89. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4322, post 90 Avdrag på lån, med 70 mill. kr.

Det er venta at lånet blir nedbetalt i 2020, og at bompengeneinnkrevinga på Svinesund blir avslutta.

## **5 Programkategori 21.40 Særskilte transporttiltak**

---

### **Kap. 1330 Særskilte transporttiltak**

#### *Post 61 Belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda*

I 2019 er det løyvd 752 mill. kr på kap. 1330, post 61, og det blei overført 402 mill. kr frå 2018. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 585 mill. kr, der 95 mill. kr blir foreslått omdisponert til kap. 1330, post 64, for å dekkje behovet for midlar til reforhandla byvekstavtalar, jf. omtale under kap. 1330, post 64.

Løyvinga på post 61 går til statleg bidrag til belønningsmidlar i belønningsavtalar og nye/reforhandla byvekstavtalar. På grunn av forseinka framdrift i arbeidet med å reforhandle og inngå nye byvekstavtalar er behovet i 2019 redusert. For Bergensområdet og Nord-Jæren pågår det no reforhandlingar. Løyvinga på posten legg til rette for å auke det statlege bidraget til desse byområda i 2019 viss det blir inngått nye avtalar i løpet av året.

#### *Post 63 Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt*

I 2019 er det løyvd 1 532 mill. kr på kap. 1330, post 63, og det blei overført om lag 480 mill. kr frå 2018. Forseinka framdrift gjer at behovet for statlege bidrag i prosjekta Bussveien på Nord-Jæren og Fornebubanen i Oslo og Akershus er redusert i 2019. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 490 mill. kr.

### *Post 64 Belønningsmidlar til bymiljøavtalar og byvekstavtalar*

I 2019 er det løyvd 771 mill. kr på kap. 1330, post 64. Løyvinga skal dekkje statleg bidrag til belønningsmidlar i bymiljøavtalar og byvekstavtalar. Det blei inngått ny byvekstavtale for Trondheimsområdet i juni 2019. Det er òg forhandla fram eit forslag til byvekstavtale for Oslo og Akershus, som er til lokalpolitisk behandling før saka skal behandlast i regjeringa. Samferdselsdepartementet foreslår å omdisponere 95 mill. kr frå kap. 1330, post 61, for å følgje opp dei statlege forplikingane som er lagt til grunn i desse avtalane.

## **6 Programkategori 21.50 Jernbaneformål**

### **Kap. 1352 Jernbanedirektoratet**

#### *Post 70 Kjøp av persontransport med tog*

I 2019 er det løyvd 4 195,1 mill. kr på kap. 1352, post 70, og det blei overført 292,7 mill. kr frå 2018. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 200 mill. kr.

Den ubrukte løyvinga som blei overført til 2019, skulle m.a. dekkje forplikingane til bonus, oppgjer for alternativ transport og tilgjengeleg infrastruktur, som oppstod i 2018, men som forfall til betaling i 2019. Omfanget av slike utbetalningar var usikkert. Utbetalingane i 2019 blei mindre enn føreset.

#### *Kostnadsramme for bestilling av 30 nye lokaltog*

Ein del av lokaltogmateriellet som blir brukt i Oslo-området har nådd si tekniske levetid. Toga har høg feilrate og er kostbare å vedlikehalde. Det har dei siste åra vore sterk vekst i talet på reisande i hovudstadregionen. Det pågåande arbeidet med framtidige rutemodellar tilseier at dei auka kapasitetsutfordringane må løysast med høgare transportkapasitet i kvar togavgang.

Samferdselsdepartementet har vurdert levetidsoppgradering av eksisterande tog og å skaffe nye tog. Jernbanedirektoratet vurderer at kjøp av nye tog vil vere mest kostnadseffektivt over tid. Departementet tilrår å skaffe 30 nye lokaltog, type 77, for å erstatte dagens tog av type 69. Dei nye toga vil kunne frakte langt fleire passasjerar, noko som truleg vil vere nødvendig for å handtere den forventede auken i talet på passasjerar. Norske tog AS, som vil gjennomføre kjøpet av nye tog, vil i anbodet be om opsjonar på kjøp av ytterlegare 170 lokaltog

frå produsenten, slik at kontrakten ved behov kan nyttast til å skaffe lokaltog i lang tid framover.

Avhengig av val av løysing for sitteplassar og ståplassar vil dei nye toga kunne frakte opp mot om lag 850 passasjerar, mot dagens om lag 570 passasjerar per togsett. Forholdet mellom sitte- og ståplassar vil inngå i anbodet for gi leverandørane incentiv til å tilby den beste løysinga for passasjerane.

Planane for kjøpet har vore gjennom ekstern kvalitetssikring. Ekstern kvalitetssikrar har tilrådd utbetringar knytt til styringsstruktur og ansvarsdeling mellom Jernbanedirektoratet og Norske tog AS, og til kontraktstrategi. Departementet vil sjå til at tilrådingane blir følgde opp før anbudsprosessen blir starta. Det vil bli etablert eit felles prosjektprogram med Jernbanedirektoratet, Norske tog AS og Bane NOR SF som skal styre anskaffinga og nødvendige investeringar i infrastruktur. Jernbanedirektoratet og Norske tog AS har vurdert anskaffinga til å koste opp mot 4 200 mill. kr. Ekstern kvalitetssikrar er samd i denne vurderinga. Det er uvisse knytt til kostnaden per tog, som er rekna til mellom 80 mill. kr og 140 mill. kr per togsett. Ekstern kvalitetssikrar tilrår eit styringsmål og ei øvre ramme per togsett på høvesvis 100 og 140 mill. kr. Samferdselsdepartementet legg dette til grunn, og foreslår ei kostnadsramme på 4 200 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak. Tilsvarande legg departementet til grunn ei styringsramme på 3 000 mill. kr. Differansen mellom styringsramma og kostnadsramma reflekterer uvisse knytt til pris.

Norske tog AS har planlagt å sende ut konkurransegrunnlag for kjøp av togsetta tidleg i 2020. Kontrakt er planlagt inngått rundt årsskiftet 2020/2021. Dei første togsetta kan bli sett i drift frå desember 2023. Lokaltoga i Oslo-området vil bli fasa inn fram til 2024. Deretter vil dei siste fem togsetta bli levert for bruk på andre strekningar.

Det er i samband med anskaffinga nødvendig å gjere utbetringar på infrastrukturen knytt til lengda på plattformer og parkering av tog (hensetting). Dette er rekna til om lag 1 600 mill. kr. Tiltaka kan dekkjast innanfor gjeldande budsjett-rammer.

Når toga blir sette i drift, kan det auke behovet for statleg kjøp av persontransport med tog. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til dette.

#### *Post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar*

I 2019 er det løyvd 10 089,7 mill. kr på kap. 1352, post 73, og det blei overført 522,1 mill. kr frå 2018.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 200 mill. kr, for å dekkje inn delar av eit meirbehov til Follobanen i 2019.

Kostnadene til Follobane-prosjektet har auka fordi Bane NOR har heva to totalkontraktar med den konkursramma entreprenøren Condotte i 2018, og det er fleire krav frå andre entreprenørar, jf. òg omtale og forslag om ny kostnadsramme for prosjektet i Samferdselsdepartementets Prop. 1 S (2019–2020).

Jernbanedirektoratet har opplyst at Follobane-prosjektet dermed har eit meirbehov på totalt 2,1 mrd. kr i 2019. Direktoratet har tilpassa investeringsaktiviteten gjennom året, slik at meirbehovet kan dekkjast av løyvinga på posten. Samferdselsdepartementet tilrår å dekkje 1,9 mrd. kr av meirbehovet innanfor ramma på post 73, gjennom forskyvingar og tilpassingar av framdrift og utbetalingar i andre prosjekt. Den foreslåtte auken av løyvinga dekkjer resten av meirbehovet i 2019.

### Kap. 1357 Mantena AS

#### *Post 72 Tilskot til pensjonsforpliktingar*

I 2019 er det løyvd 390,4 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 135,1 mill. kr.

Løyvinga på posten omfattar tilskot på inntil 213,4 mill. kr til å innfri reguleringsforpliktinga ved utmelding frå Statens pensjonskasse med eingongsoppgjer. Løyvinga omfattar òg tilskot på 177,0 mill. kr til ei overgangsordning for eldre arbeidstakarar, ved utmelding av føretaket frå Statens pensjonskasse. Eingongsoppgjeret vil bli utbetalt i 2019.

For den delen av tilskotet som gjeld overgangsordninga for eldre arbeidstakarar, er utbetalingane avhengig kor mange arbeidstakarar som faktisk går av med pensjon. I 2019 har færre arbeidstakarar gått av med pensjon enn rekna med. I 2019 er det utbetalte tilskotet til dette formålet på 41,9 mill. kr.

## 7 Programkategori 21.60 Kystformål

### Kap. 1360 Kystverket

#### *Post 01 Driftsutgifter*

I 2019 er det løyvd 1 715,1 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 15 mill. kr.

Løyvinga på posten omfattar m.a. 20 mill. kr til oppmåling og frådelling av eigedommar, og ting-

lysings- og dokumentavgift knytt til overføringa av statlege fiskerihamneanlegg til fylkeskommunane. Desse utgiftene blir i 2019 lågare enn føresett.

#### *Post 60 Tilskot til fiskerihamneanlegg*

I 2019 er det løyvd 42 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4,4 mill. kr.

Løyvinga på posten omfattar tilskot til kommunale fiskerihamneanlegg. Det lågare løyvinga behovet kjem av at tilsegn til to av prosjekta er trekt tilbake, fordi dei ikkje kan gjennomførast som føresett.

### Kap. 1361 Samfunnet Jan Mayen

#### *Post 01 Driftsutgifter*

I 2019 er det løyvd 54,9 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kr fordi utskiftinga av aggregat på Jan Mayen blei rimelegare enn først rekna med. Mindrebehovet dekkjer inn det auka behovet på post 30.

#### *Post 30 Nytt hovudbygg på Jan Mayen*

I 2019 er det løyvd 5,1 mill. kr på posten. Løyvinga omfattar forprosjekt for nytt hovudbygg på Jan Mayen. Grunna problemstillingar som ikkje var føresett, har utgiftene til forprosjektet blitt om lag 1 mill. kr høgare enn først berekna. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kr.

## 8 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

### Kap. 1370 Posttenester

#### *Post 70 Kjøp av post- og banktenester*

I 2018 blei det sett av 507 mill. kr til kjøp av post- og banktenester frå Posten Norge AS. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med modellen viser eit faktisk behov i 2018 til dei tenestene som det blei sett av midlar til, på 592 mill. kr. Dette er 85 mill. kr meir enn det som blei løyvd i 2018.

Departementet legg opp til at Posten får etterbetalt ein ytterlegare kompensasjon for 2018 på 85 mill. kr. I tråd med praksis frå tidlegare år legg

departementet opp til at staten betaler rente på det beløpet selskapet skal ha etterbetalt. Renta er rekna til 2,9 mill. kr.

Dette inneber at staten skal betale i alt 87,9 mill. kr til Posten. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1370, post 70, med 87,9 mill. kr.

#### *Konkurransen om avisomdeling*

Samferdselsdepartementet har lyst ut på anbod ein konkurranse om avisomdeling på vekedagar og på laurdagar. For å følgje opp Stortinget si behandling av Prop. 102 L (2018–2019) *Endringer i postloven (antall omdelingsdager)*, jf. Innst. 302 L (2018–2019), ber departementet i konkurransen om tilbod på to løysingar for avisdistribusjon i vekedagane. Tilbydarar må by på både distribusjon to faste dagar, slik departementet foreslo i Prop. 102 L (2018–2019), og ei distribusjonsløysing som er motsyklisk til Posten sin distribusjon måndag–fredag, slik avisbransjen har foreslått som oppfølging av Innst. 302 L (2018–2019). I kon-

kurransen følgjer departementet opp Stortinget sin intensjon om at avisbransjen sitt forslag kan veljast om løysinga kan realiserast innanfor same økonomiske rammer som distribusjon på faste dagar. Departementet legg i tillegg opp til å velje avisbransjen si føreslåtte løysing dersom ho blir inntil 5 prosent dyrare enn distribusjon på faste dagar. Departementet vil dekkje eventuelle meirkostnader for val av motsyklisk distribusjon innanfor departementet sine gjeldande budsjetttrammer, og vil i så fall kome attende til Stortinget med framlegg om dette i samband med revidert nasjonalbudsjett 2020.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2019 under Samferdselsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2019 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2019 under Samferdselsdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgjande endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1310		Flytransport	
	70	Kjøp av innanlandske flyruter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 717 400 000 til kr 700 600 000	16 800 000
1314		Statens havarikommisjon for transport	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 77 625 000 til kr 79 625 000	2 000 000
1320		Statens vegvesen	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 4 625 400 000 til kr 4 815 400 000	190 000 000
	22	Drift og vedlikehald av riksvegar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 29 og post 30</i> , blir redusert med ..... frå kr 6 275 300 000 til kr 6 115 300 000	160 000 000
	28	Trafikant- og køyretøytilsyn, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 2 069 500 000 til kr 2 119 500 000	50 000 000
	64	Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport, blir redusert med ..... frå kr 25 000 000 til kr 22 500 000	2 500 000
1330		Særskilde transporttiltak	
	61	Belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda, <i>kan overførast, kan nyttast under post 64</i> , blir redusert med ..... frå kr 752 000 000 til kr 167 000 000	585 000 000
	63	Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 532 000 000 til kr 1 042 000 000	490 000 000
	64	Belønningsmidlar til bymiljøavtalar og byvekstavtalar, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 771 000 000 til kr 866 000 000	95 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
1352		Jernbanedirektoratet	
	70	Persontransport med tog, <i>kan overføres</i> , blir redusert med ..... frå kr 4 195 100 000 til kr 3 995 100 000	200 000 000
	73	Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under post 71, post 72 og post 74</i> , blir auka med ..... frå kr 10 089 700 000 til kr 10 289 700 000	200 000 000
1357		Mantena AS	
	72	Tilskot til pensjonsforpliktingar, blir redusert med ..... frå kr 390 400 000 til kr 255 300 000	135 100 000
1360		Kystverket	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i> , blir redusert med ..... frå kr 1 730 439 000 til kr 1 715 439 000	15 000 000
	60	Tilskot til fiskerihamneanlegg, <i>kan overføres</i> , blir redusert med ..... frå kr 42 000 000 til kr 37 600 000	4 400 000
1361		Samfunnet Jan Mayen	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 54 925 000 til kr 53 925 000	1 000 000
	30	Nytt hovudbygg på Jan Mayen, blir auka med ..... frå kr 5 100 000 til kr 6 100 000	1 000 000
1370		Posttenester	
	70	Kjøp av post- og banktenester, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 617 400 000 til kr 705 300 000	87 900 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4320		Statens vegvesen	
	01	Salsinntekter m.m., blir auka med ..... frå kr 220 000 000 til kr 280 000 000	60 000 000
	02	Diverse gebyr, blir auka med ..... frå kr 500 000 000 til kr 520 000 000	20 000 000
4322		Svinesundforbindelsen AS	
	90	Avdrag på lån, blir auka med ..... frå kr 80 000 000 til kr 150 000 000	70 000 000
5577		Sektoravgifter under Samferdselsdepartementet	
	74	Sektoravgifter Kystverket, blir auka med ..... frå kr 798 000 000 til kr 806 283 000	8 283 000



*Fullmakter til å forplikte staten utover gitte løyvingar*

## II

## Fullmakter til å forplikte staten for investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2019 kan:

1.

starte opp og gjennomføre investeringsprosjekta:	innanfor ei kostnadsramme på:
E39 Kristianborg–Bergen sentrum (Sykkelstamveien)	1 020 mill. kroner
30 nye lokaltog	4 200 mill. kroner

2.

gjennomføre det tidlegare godkjende investeringsprosjektet:	innanfor ei endra kostnadsramme på:
E10 Solbjørnneset–Hamnøy i Nordland	1 080 mill. kroner

Fullmaktene gjeld òg forpliktingar som blir inn-  
gatte i seinare budsjettår, innanfor kostnads-  
ramma for prosjektet. Samferdselsdepartementet

blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnads-  
rammene i seinare år.

---

---





